

## **FAGERLI**

Høgdemeter over havet: 675 m

Lengde: ca 4 km att og fram

Stigning: 157

Tid: Ca 15- 30 min å gå frå Bjørndalen

**Gradering:** Dette er ein lett tur som passer for alle. Vi ser det som naturleg å gå til Bjørndalen fyrst, og så Fagerli.

**Vegskildring:** Stien går lett, flatt til høgre når du skal vidare til Fagerli frå Bjørndalen. Denne er lett å følgje. Du går straks rett over ei stor myr, og her ser du ned på ein voll, og då ser du vårfloraen til Skår. Her ligger og to hytter. No må du gå opp Skredo (ein bratt oppoverbakke). Når det flater ut igjen ser du Skårstølen ned til høgre. Vi ser vidare rett ned til Skeidset og Spildadalen etter kvart som vi går. Stien går flatt vidare utover og du kjem til Diket og då kan du sjå Fagerli. Det er mykje myrterreng her. Du går først bortover og så nedover i Fyllsdalen før det igjen går rett opp til stølen. Spildanuten er no rett til øst for deg. Fagerlielva går ned under stølsvollen. Dette er ein fin ettermiddagstur.

Ein kan og gå ned til Skeiset herifrå, men det er ikkje merka sti. Fagerlihaugen ligg rett bak , og Tingsteinen mot vest ligger midt mellom Skaftedalen og Spildadalen. Frå Tingsteinen kan du gå ned til Skaftedalen.

**Turtips!** Om du går vidare frå Fagerli kjem du til Hengsdalen og Hengsdalstjørnet. Du kan og gå vidare til Hondalsnuten.

**Turtips!** Gå vidare til Tingsteinen.

**GOD TUR!**